

# Referat Rovernemndsmøte 23. – 26. mars 2017

Rovernemndsmøtet starta laurdag 25. mars kl. 09.55 på forbundskontoret, etter oppstart og opplæring på kontoret torsdag og fredag. Møtet heva søndag kl. 13.00.



## Til stades:

Maren Pernille Indreeide Øvregaard  
Peter Aga Ljoså  
Alfred Mestad Rønnestad  
Markus A Ho-Yen  
Ingvild Reitan  
Amalie Ulevik Bjerk

## Sak 01/17: Konstituering

### Sak 1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste

- Sak 9.1.1 blei lagt til under Sak 09/17 Eventuelt
- Innkalling og saksliste vart godkjend.

### Sak 1.2 Val av referent

- Peter valt til referent.

## Sak 02/17: Gjennomgang av fråtredingsrapport frå forrige leiar

- Fråtredingsrapporten frå forrige leiar, Erik Ettner Sanne, vart gjennomgått.

## Sak 03/17: Fordeling av ansvar

### Sak 3.1 Fordeling av kretsar og studentspeidarlag

- Kretsane og studentspeidarlaga er fordelt mellom alle i nemnda. Maren Pernille vart tildelt Nordmøre og Romsdal og Bybanen studentspeiderlag. Peter vart tildelt Sunnmøre, Oslo, Romerike og Asker og Bærum. Ingvild vart tildelt Nordre Nordland, Helgeland, Troms og Finnmark. Markus vart tildelt Trøndelag, Hedmark og Oppland, Telemark og Gråkallbanen studentspeiderlag. Amalie vart tildelt Bjørgvin, Sogn og Fjordane, Vestfold og Buskerud. Alfred vart tildelt Agder, Rogaland, Rogaland og Østfold. Roverkontaktane blir kontakta snarast.

### Sak 3.2 Fordeling av arrangement

- Arrangementa har blitt fordelt, og lokalkomiteane blir kontakta snarast. Amalie vart nemndskontakt for roverlandsleiren, Markus vart nemndskontakt for Roverfemkamp, Alfred vart nemndskontakt for Roverball og Ingvild vart nemndskontakt for Roverkongressen.

### Sak 3.3 Nyheitsbrev, sosiale media, heimesider og Lederforum

- Dei ulike ansvarsoppgåvene er fordelt mellom medlemane. Markus fekk ansvar for nyheitsbrev, Maren Pernille og Peter fekk ansvar for sosiale media som Facebook og Snapchat, Alfred fekk ansvar for heimesidene og Maren Pernille held fram med å ha ansvar for Lederforum.

## **Sak 04/17: Roverkongress 2017**

### Sak 4.1 Evaluering

- Rovernemnda evaluerte roverkongressen og har skrive ei evaluering som blir tilsendt årets og neste års lokalkomité.

### Sak 4.2 Gjennomgang av evaluering frå lokalkomité

- Evalueringa frå lokalkomitéen vart gjennomgådd og diskutert.

## **Sak 05/17: Rovernemndas tiltaksplan**

### Sak 5.1 Gjennomgang av tiltaksplan inkludert nye punkt frå Roverting

- Nemnda gjekk først gjennom tiltaksplanen og valte kva som skulle prioriterast høgast. Deretter vart eigne satsingar lagt til.

### Sak 5.2 Fordeling av ansvar

- Rovernemnda har laga konkrete aktivitetar og fristar for dei ulike punkta på tiltaksplanen og eigne satsingar og fordelt ansvaret.

## **Sak 06/17: Planlegging av året**

### Sak 6.1 Rovernemndsmøte

- Rovernemnda har gått gjennom aktuelle møtestadar, og har kome fram til eit foreløpig forslag for geografisk varierte møtestadar.

### Sak 6.2 Andre arrangement

#### Sak 6.2.1 Roverlandsleir

- Nemndskontakt sit sjølv i lokalkomitéen. Det må arbeidast for å få fleire påmeldte.

#### Sak 6.2.2 Roverfemkamp

- Nemndskontakt tek kontakt med lokalkomitéen.

#### Sak 6.2.3 Roverball

- Nemndskontakt tek kontakt med lokalkomitéen.

#### Sak 6.2.4 Representasjon på andre arrangement

- Rovernemnda skal, slik som det står i tiltaksplanen, delta så aktivt som mogleg på dei ulike arrangementa.

## **Sak 07/17: Samarbeid med Roversambandet**

- Rovernemnda ønsker å imøtekommere Roversambandet sitt forslag om å møtast og dele erfaringar. Maren Pernille tek kontakt med Roversambandet.

## **Sak 08/17: Økonomi**

- Rovernemnda har gått gjennom Rovernemndas økonomi og sett på moglegheiter for refusjon.

## **Sak 09/17 Eventuelt**

### Sak 9.1 Innsendte saker

#### Sak 9.1.1 Plassering av roverlagsmerker og roverkretsmerker

- Rovernemnda vedtok å be Landsstyret å arbeide for å finne ut kvar rovermerker som til dømes roverlagsmerker og roverkretsmerker skal vere på skjorta.



Maren Pernille Indreeide Øvregaard  
Rovernemndsleder



Peter Aga Ljoså  
Referent